

# KULTURPOSTEN

## OKTOBER 2017

Informasjonsskriv frå kulturadministrasjonen i Radøy kommune



Hautferieaktivitetar for born.



**RADØY**  
den grønne øya

# KULTURPOSTEN OKTOBER 2017

## Arrangement i Kulturdagane 2018

Kulturdagane i Radøy vert arrangert i perioden 20.-29. april 2018. Dette er dei siste kulturdagane i Radøy kommune.

Har du, laget ditt eller verksemda di noko de ynskjer å bidra med? Då høyrer me gjerne frå deg! Frist for å melda inn arrangement er 21. januar.

Kontaktperson for kulturdagane er Bente K. Hervik  
e-post: [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no) / tlf. 56 34 90 12.



*Trollkjerringa i Eventyrskogen på Marås. Frå opninga av kulturdagane 2016.*

## Kulturminneplanen på høyring

I formannskapsmøte 7. september vart det vedtatt å leggja kulturminneplan for Radøy kommune 2017-2027 ut på høyring og offentleg ettersyn i seks veker, i tråd med prosessreglane i plan- og bygningslova. Me minnar om fristen for å koma med innspel, som er sett til 22. oktober.

Kulturminneplanen til Radøy kommune skal identifisera og prioritera dei viktigaste kulturminna i kommunen og leggja grunnlaget for kommunen sitt arbeid med kulturminne i planperioden. Kulturminneplanen vil vera eit viktig verktøy for areal-, plan og byggesakshandsaminga i kommunen der ein lettare vil kunne ta omsyn til kulturminneverdiane.

Utkast til kulturminneplan er lagt ut på [www.radoy.kommune.no/kulturminneplan](http://www.radoy.kommune.no/kulturminneplan)

Eventuelle høyringsuttaler skal sendast til:

Radøy kommune, Radøyevegen 1690, 5936  
Manger eller på e-post til  
[postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no).

Høyringsutkast:  
**Kulturminneplan**  
Radøy kommune  
2017-2027



**RADØY**  
den grøne øya

# KULTURPOSTEN OKTOBER 2017

## Søknad om spelemidler

Frist for å søkja spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er sett til 1. november i Radøy kommune. Dette gjeld både nye søknader og søknader som skal fornyast.

For meir informasjon om ordninga og søknadsskjema, sjå [www.anleggsregisteret.no](http://www.anleggsregisteret.no).

På <https://www.anleggsregisteret.no/anlegg-for-idrett-og-fysisk-aktivitet/soknadsprosess/> finn du informasjon om søknadsprosessen.

Har du spørsmål om søknadsprosessen eller treng hjelp til å fylle ut søknaden? Ta kontakt med rådgjevar kultur Bente K. Hervik tlf. 56 34 90 12 eller på e-post [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no).

## Tilskotsordningar

### Leiaropplæring (Radøy kommune)

Det kan gjevast støtte til lag og organisasjonar til å dekkja utgifter til relevante kurs for leiarar, styremedlemer, trenarar og instruktørar i laget. Med relevante kurs meiner ein at kurset skal ha tilbakeføringsverdi til laget. Søknadsfrist heile året.

For meir informasjon, sjå <http://radoy.kommune.no/kulturmidlar>

### Prosjekt- og aktivitetsstøtte (Radøy kommune)

Tilskot kan gjevast til opne kulturarrangement og -prosjekt, og til innkjøp av utstyr. Arrangement og prosjekt som er nyskapande, vert prioriterte. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som underskotsgaranti eller direkte tilskot.

For meir informasjon, sjå <http://www.radoy.kommune.no/kulturmidlar>

### Kulturrådet

Norsk kulturråd har ei rekkje tilskotsordningar som gjeld heile kulturfeltet. Sjå oversikt over dei ulike tilskotsordningane og søknadsfrisar: <http://www.kulturradet.no/stotteordninger>

## Utdeling av Radøy kommune sin kulturpris 2017

Radøy kommune sin kulturpris for 2017 vert delt ut på Hordabø skulemusikklag sitt show "A Night At The Opera" 29. oktober kl. 17.00 i Hordabøhallen. Alle er hjarteleg velkomne!



**Søndag 29.OKTOBER**  
**I**  
**«HORDABØ HALLEN»**  
**KL.17:00**  
Braker det laust att med showet:  
**«A Night At The Opera»**  
Hordabø Skulemusikklag  
med band, vokalistar og gjestar.



På oppmoding frå mange vert det no ei ny oppsetjing av showet.

Sal av kaffi, kaker, pølser og brus.  
Lynlotteri med flotte gevinstar!

Billettpris: 150.-/50.- (under 18år), barn under 4år gratis

- \* Sal av billetter ved inngang.
- \* Showmakar/dirigent: Stein Paulsen
- \* Show-vert: Jon Magne Gabrielli

